

STATUSRAPPORT

Januar 2020



IVAR AASEN: Ein fagdag hos Nynorsk kultursentrum ligg inne i opplæringsplanen for alle kull. Frå venstre Karoline Nordgulen, Anne Sigrd Timberlid Hundere, Peder Skjelten, Emma Johnsen Rødli og Oda Heggedal Longvastøl.

FOTO: KJELL OVE NORDEIDE

*Ordet fer vidare
enn mannen*

Ivar Aasen

STIFTINGA NYNORSK AVISSETER: Tek inn fire-fem journalistpraktikantar kvart halvår. Dei får fire månader praksis i Firda Media i Førde - landets største nynorske dagsavis - og deretter to månader praksis i ein annan redaksjon. Dei får over 20 førelesingar, mellom anna i språk, etikk og journalistisk metode, i samarbeid med NRK Nynorsk mediesenter som gir opplæring etter same modell for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Føremålet er å styrke rekruttering, nyskaping og utvikling i medium som publiserer på nynorsk. Mediebedriftenes Landsforening (MBL), Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) og Firda Media (Amedia) står bak Stiftinga Nynorsk avissenter. Opplæringa er finansiert av Kulturdepartementet og Firda Media.



SISTE DAG: Siste dag i Førde og kull 13 er klar for praksis; Peder (frå venstre) i Framtida, Oda i Klassekampen, Anne Sigrid i Nynorsk pressekontor, Emma i Dag og Tid og Karoline i Nordhordland. T.h. dagleg leiar Kjell Ove Nordeide.

FOTO: SANNE SLÅTTEN

Nord er representert, flest frå vest

KULL 13: Ein einsleg svale frå Nordland er blant dei fire andre praktikantane som alle har røter frå det nordlege Vestlandet.

KAROLINE NORDGULEN (1997) frå Høyanger valde å ta ein bachelorgrad i samanliknande politikk - rett og slett fordi ho alltid har vore interessert i journalistikk. Opp gjennom åra har ho reist mykje til familien sin i Chile. Det har gjort henne spesielt interessert i latin-amerikansk politikk, men samfunnsengasjementet hennar spenner vidt. Ved sida av lesinga på Universitetet i Bergen var ho praksisstudent i KS Hordaland og skreiv rapport om kommunereforma og kva følgjer denne har for lokaldemokratiet i tre ulike kommunar.

PEDER SKJELTEN (1992) var tilbake i heimbygda Brattvåg og eit vikariat som journalist i lokalavisa Nordre før han kom til Nynorsk avissenter. Tidlegare har han reist rundt i landet som frilansjournalist og levert til mellom andre Sunnmørsposten og nettavisa Framtida.

Sist sommar fekk han oppleve at nynorsk ikkje fell i like god jord hos alle lesarar då han hadde vikariat i Tidens Krav i Kristiansund. Frå NTNU i Trondheim har han bachelor i allmenn litteraturvitskap. I tillegg har han årsstudium i filmvitskap, og han har tatt fag innan leing, lingvistikk, politisk teori, og britisk historie og kultur.

EMMA JOHNSEN RØDLI (1992) kjem frå Brønnøysund i Nordland. Utdanning førte henne til Trondheim og NTNU, der ho tok master i nordisk språk og litteratur. Masteroppgåva handlar om det nye pronomenet «hen». Interesse for journalistikk kom tidleg, og siste åra har ho prøvd seg som skrivande og pratande journalist i studentavisa Under Dusken og i studentradioen Radio Revolt. Ho har vore redaksjonsmedlem og redaktør i tidsskriftet Riss. Elles har ho mellom anna undervist i norsk og vore læringsassistent ved NTNU.

ANNE SIGRID T. HUNDERE (1994) laga allereie i tiårsalderen si eiga avis

heime i Sogndal. Etter ein master i statsvitskap ved Universitetet i Oslo var tida inne for å ta tak i journalistdraumen. Ved sida av studiet i Oslo har ho hatt verv som PR-ansvarleg for Arbeidslivsutvalet ved instituttet. Frå før har ho ein bachelor i administrasjon og organisasjonsvitskap ved Universitetet i Bergen. I masteroppgåva skreiv ho om korleis norsk sentralforvaltning arbeider for å påverke utforminga av EU sitt fornybar-direktiv.

ODA HEGGEDAL LONGVASTØL (1993) er frå Naustdal. Etter fotball og volleyball i Sunnfjord venta ski og surf ved Lofoten folkehøgskole. Då ho tok eit masterstudium i samfunnsøkonomi ved NTNU i Trondheim, var oppgåva hennar å sjå om finanssektoren har noko av ansvaret for aukande skilnader mellom fattige og rike i mange land. Ho har også årsstudium i spansk og opphald i Nicaragua og Spania. Samfunnsengasjementet kombinert med kunnskap frå økonomi-, språk- og kulturstudium kom til nytte då ho var journalistvikar i Firda.



FØRSTE DAG: Kull 14 får omvising i Firda på sin første dag i Nynorsk avissenter 6. januar 2020. Frå venstre Ingrid, faglærer Ingunn Osland, Theo, Marie og Andrea. Framme journalist Ole Johannes Øvretveit, frantsjef i Firda Media.

FOTO: BENT ARE IVERSEN

Det engelske innslaget er kortreist

KULL 14: Sjølv om tre av dei har bustadadresser i Trondheim, London og Oslo, er dei oppvaksne på Vestlandet og har røter i Rogaland, Hordaland og Sunnmøre. Anleis er det med fjerdemann. Han har adresse Flekke i Fjaler, men er opphavleg engelsk.

INGRID HJELLBAKK KVAMSTØ (1995) er frå Arna ved Bergen og held i desse dagar på å avslutte master i fotografi i London. Ikkje minst visuell historieforteljing tar ho med seg derifrå inn i journalistopplæringa. Frå før har ho PR, kommunikasjon og media frå Volda, og ho har arbeidd i to av landets største studentredaksjonar med tekst og bilde i tillegg til radio. I studentavisa Peikestokken vann ho mellom anna årets spalte og årets kultursak i 2017.

THEO B. WILSON (1993) har vore nynorskbrukar sidan 2001 då familien flytte frå Birmingham til Sunnfjord og United World College. I 2019 kom Theo tilbake til Sunnfjord med ein fersk mas-

ter i engelsk litteratur frå Glasgow. Frå før har han ingeniørutdanning frå Noreg, men språkinteressa tok overhand, og i litteraturen fann han ein journalistisk modus. Det sette han på sporet av ein journalistkarriere, sjølv om han i mellomtida har arbeidd som lærar.

ANDREA SØRØY (1991) vaks opp i Herøy kommune, men har siste åra budd i Oslo. Til Førde kom ho frå jobb som tilkallingsvikar i Nynorsk Pressekontor. Sist vinter var ho journalistpraktikant i iFinmark (nettsatsinga til Finnmark Dagblad og Finnmarken), og før det jobba ho som kommunikasjonsrådgjevar. Det er også innan PR og marknadskommunikasjon ho har bachelor og fagbrev, men ho har lenge hatt journalistyrket i sikte.

MARIE HÅLAND (1993) kjem frå Stavanger og har ein bachelor i medievitenskap frå Trondheim. Som Theo har ho jobba som lærar i tida fram til ho på nyåret starta opplæringa i Nynorsk avissenter. I nær fem år var ho engasjert i

Studentmediene i Trondheim, hovudsakleg med radiojournalistikk, men ho har også vore redaksjonssjef for heile mediehuset som omfattar radio, video og avis. I tillegg har ho erfaring frå NRK, mellom anna frå Her og Nå og som prosjektleiar i P3sommars i 2018.



Ny i styret

SVEIN OLAV B. LANGÅKER kom i desember 2019 inn i styret i Stiftinga Nynorsk avissenter. Langåker er oppnemnd av Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) og tok over styreplassen etter Vidar Høviskeland. Dei to andre i styret er Kai Aage Pedersen (Firda) og Randi S. Øgry (MBL).

Møtte kulturkomiteen

Nynorsk avissenter har søkt Kulturdepartementet om 350 000 kroner i ekstra driftstilskot for å styrkje opplæringa, rettleiinga og kursinga av nynorskjournalistar. I dag har senteret ein faglærer i 40 prosent stilling i tillegg til dagleg leiar. Målet med tilleggsløyvinga er å kunne utvide lærarstillinga og på sikt auke talet på praktikantar frå ni til ti i året.

Nynorsk forum har siste åra løfta fram søknaden frå Nynorsk avissenter, som sist haust fekk møte på høyringa i familie- og kulturkomiteen om statsbudsjettet 2020. Der kunne dagleg leiar argumentere for kvifor det er så viktig både for nynorsken og for avisredaksjonane i landet at det vert satsa på opplæringa av nynorskskrivande journalistar.



Kjell Ove Nordeide
dagleg leiar Nynorsk avissenter
Nynorsk Forum



I TV-RUTA: Siste året er Karen Anna Kleppe blitt ofte å sjå når TV 2-nyheitene rullar over skjermen. Frå lengst aust i Finnmark til dei sørvestlege landsdelane rapporterer Kleppe på sin sunnhordlandske dialekt.

FOTO: PRIVAT

Løftar nynorskprosenten i TV 2

BERGEN: Den journalistiske karrieren min starta då eg med litt flaks blei ein av nynorskpraktikantane i Nynorsk avissenter august 2017. Eg blei fort frelst av både journalistikken, nynorsken og Sogn og Fjordane.

Etter fire månader i Førde var det på hovudet ut dørene av Firda og inn i lokala til Kvinnheringen i heimkommunen Kvinnherad.

Sjølv om eg var skråsikker på at eg ikkje ønskte å vera der meir enn dei to månadene i praksis, blei eg rett og slett frelst på ny i ein ny redaksjon. Eg blei verande i litt over eitt år. På den tida fekk eg ansvaret for den politiske journalis-

tikken, eg fekk jobba med fleire featureprosjekt, - i tillegg til eit større graveprosjekt i tre månader. Eg var også med på å laga ein reality-serie som gav oss mange nye abonnentar og flotte prisar - deriblant Årets lokalavis 2018.

2019 starta med eit brak då eg fekk fast jobb i TV 2. 1. april var eg på plass i ny by - Bergen - og ny jobb. Eg er tilsett som reporter og leverer nyhende til både Nyhetene og TV2.no. Å læra seg ei heilt ny form for formidling har vore veldig lærerikt, og ikkje minst veldig spennande. At TV 2 torer å satse på unge journalistar utan ein lang CV eller utdanning, som i mitt tilfelle, synest eg det står respekt av.

No har eg jobba i TV 2 i snart eitt år. På

den tida har eg fått reist landet rundt, eg har fått moglegheita til å jobba fram eigne nyhende innan fleire forskjellige sjangrar, og ikkje minst har eg fått vore med på eit større graveprosjekt om vindkraft - noko eg har ei ekstra interesse for. Graving då altså, ikkje vindkraft.

Kva som blir den neste store utfordringa, anar eg ikkje, men eg skal ta imot henne med opne armar.

Av Karen Anna Kleppe: Kull 9 - 2017. Hadde praksistida si i Kvinnheringen, der ho også fekk halde fram i journalistvikariat. Våren 2019 flytte ho til Bergen og jobb som reporter i TV 2. Der er ho kollega med ein annan praktikant frå Nynorsk avissenter: Malene Indrebø-Langlo, kull 3 - 2014.

Tilbyr gratis kurs

Mange av kursa ved Nynorsk avissenter og NRK Nynorsk mediesenter er opne for andre enn praktikantane. Mellom aktuelle kurs er presseetikk, intervjuteknikk, kjeldebruk, fotografering, journalistikk med mobiltelefon, språk og kjeldekritikk. På bildet er det Simon Solheim, NRK, som lærer praktikantane korleis dei kan kikke makta i korta. Redaksjonelle medarbeidarar kan følgje desse førelesingane gratis, men det er eit avgrensa tal plassar, så først til mølla gjeld. På heimesida til Nynorsk avissenter vert kursprogrammet oppdatert.



OPPDRAK: - I tillegg til å få skrive nynorsk er eg så heldig at jobben min er å skrive om og for arbeidsfolk, seier Tormod Ytrehus, som har gått frå praksis og vikariat til fast stilling innan LO Media. **FOTO: HÅVARD SÆBØ, MAGASINET FOR FAGORGANISERTE**

Journalistar må også velje side

OSLO: Som journalist er du i ein maktposisjon. Då er språkvalet viktig.

Eg kjem verken frå ein nynorsk kommune eller har blitt utsett for mykje nynorsk i oppveksten. Då eg valde nynorsk, var det fordi eg oppdaga at eg kunne skrive enda meir dialektnært.

Seinare har eg oppdaga ein ekstra positiv effekt av språkvalet. Bokmål er nemleg makta sitt språk - på den måten at dei ulike maktelitane stort sett held til i Oslo.

Når eg bruker nynorsk, om enn ein mest mogleg dialektnær versjon som nokre kanskje ristar på hovudet av, meiner eg det bidrar til å synleggjere språket

til dei som bur utanfor makta sitt sentrum.

Kanskje er grunnen opphaldet mitt hos Nynorsk avissenter og lokalavisjournalistar i Sogn og Fjordane for eit par år sidan, eller kanskje hadde skaden allerede skjedd i oppveksten på bygda i Trøndelag. Eg meiner uansett desentralisert makt, på alle moglege måtar, er noko å strekke seg etter.

I tillegg til å få skrive nynorsk er eg så heldig at jobben min er å skrive om og for arbeidsfolk, for tida i medlemsbladet til Fellesforbundet. Dette handlar også om makt.

Eg vil påstå at arbeidsliv er underdekt i norsk presse, i tillegg til at arbeidsfolk sjeldan blir intervjuet når journalistar

skal hente inn ulike perspektiv. Det er ei usynleggjering som er udemokratisk.

Gjennom opplæring i nynorsk-journalistikk og jobb i fagpressa, har eg fått innsikt i maktfordelinga i samfunnet. Ønsket mitt for 2020 er at fleire journalistar skriv nynorsk, og at journalistane begynner å skrive om arbeidstakaren, ikkje berre næringslivsleiaren.

Av Tormod Ytrehus: Kull 9 - 2017.

Hadde praksis, vikariat og fekk fast jobb i stiftinga LO Media, som journalist i nettavisa FriFagbevegelse. For tida vikar i Magasinet for fagorganiserte.



STOLT NYNORSKAMBASSADØR: – Heller ikkje i Tigerstaden er det ei ulempe å kunne skrive nynorsk, påpeikar Hilde Greve Mo. Nynorsken og erfaringa frå journalistikken kjem til nytte som kommunikasjonsrådgjevar i Norges Blindeforening. **FOTO: PRIVAT**

Aldri ei ulempe å kunne nynorsk

OSLO: Alt eg har lært på Nynorsk avissenter og i Firda, har vore gull verdt. Det gjeld også tryggleiken eg fekk under praktikanttida mi, nemleg at det å kunne skrive nynorsk alltid er ein fordel.

«Du kan skrive bokmål også? For det er målformen vi kommuniserer utad på», sa kommunikasjonssjefen frå Austlandet då eg kom på intervju til stillinga som kommunikasjonsrådgjevar i Norges Blindeforening i haust.

Nynorsken ein ressurs

Eg forsikra henne om at eg kjenner meg like trygg i begge målformene og påpeika kvifor det er ein styrke i denne jobben at ein kan meistre både nynorsk og bokmål. Vidare kunne eg fortelje kvifor bakgrunnen min som nynorskpraktikant er ein ressurs i denne stillinga:

Ei av hovudoppgåvene som kommu-

nikasjonsrådgjevar i Blindeforebundet er å skape mediemerksemd rundt organisasjonen og synshemma sine interesser. Det gjeld både i lokale, regionale og nasjonale medium. Eg er heilt sikker på at ein får større gjennomslagskraft hos pressa om ein tipsar dei om saker på målforma redaksjonane brukar. Og til forskjell frå kollegaer som berre brukar bokmål, kan eg bidra med tekstskrivning til fylkeslaga som skriv på nynorsk.

Veit å selje inn saker

Ikkje berre er eit godt og klart språk relevant i denne stillinga, like viktig er erfaringa som nynorskpraktikant og seinare journalist i Firda. Gjennom min periode i Førde opparbeidde eg meg kunnskap om korleis ein jobbar redaksjonelt. Det kjem godt med når eg lagar saker for radioen til Blindeforebundet, produserer innhald til sosiale medium og skriv artiklar til medlemsbladet.

Sist, men ikkje minst, tenker eg som ein journalist når eg skal «selje» inn saker til pressa. For då må eg spørje meg sjølv følgjande før eg kontaktar ein redaksjon: Inneheld saka eit interessant nyheitspoeng med allmenn interesse? Har eg formulert meg på ein måte som vitnar om at Blindeforebundet har lesarane i tankane? Har vi ein case redaksjonen kan kontakte eller eit godt bilde som illustrerer saka? Slike refleksjonar hadde eg vore forutan om eg ikkje hadde vore praktikant på Nynorsk avissenter.

Kommunikasjonssjefen blei overtydd for til slutt fekk eg eit jobbtilbod. No er eg ein stolt nynorskambassadør i Noregs hovudstad.

Av Hilde Greve Mo: Kull 11 – 2018.

Hadde praksistida si i Firda, der ho også fekk halde fram i journalistvikariat. Hausten 2019 flytte ho til Oslo då ho vart tilsett i Blindeforebundet.

Ein av to praktikantar har mediejobb

STATUS: Mellom dei som fekk fast journaliststilling i 2019, er Martin Årseth (bildet). Han arbeider no ved vestlandskontoret til Klassekampen i Bergen.

Årseth har hatt fleire journalistjobbar etter at han gjekk ut frå kull 8 i Nynorsk avissenter i 2017. Til Klassekampen kom han frå Bergensavisen.

Sist sommar hadde Nynorsk avissenter lært opp 50 praktikantar sidan starten i 2013. 27 av desse, eller 54 prosent, arbeidde ved siste årsskiftet med journalistikk. Vidare hadde 14 prosent stilling som kommunikasjonsrådgjevarar, 12 prosent hadde lærarjobb og 10 prosent var i gang med studium. Dei siste 10 prosentane hadde andre stillingar, mellom anna i medie- og forlagsbransjen.



Medrekna dei fem i kull 13 og dei fire i kull 14 er det i dag til saman 59 praktikantar som har fått eller er under opplæ-

ring i Nynorsk avissenter. Dette er kjønnsfordelinga:

- **Kvinner: 38**
- **Menn: 21**

Geografisk fordeler dei 59 praktikantane seg slik etter kvar dei vaks opp:

- **Austlandet: 2**
- **Rogaland: 9**
- **Hordaland: 15**
- **Sogn og Fjordane: 20**
- **Møre og Romsdal: 7**
- **Trøndelag: 3**
- **Nord-Noreg: 2**
- **Andre: 1**

Dei 50 som er ferdige med opplæringa, fordeler seg slik på yrke:

- **Journalist: 27**
- **Kommunikasjonsrådgjevar: 7**
- **Lærar: 6**
- **Andre: 10 (5 studerer)**

Skjerpa nynorsken på Askøy og Ål

SPRÅK: Avisredaksjonar i Bergen-området og i Hallingdal har siste året fått friska opp språkteften.

I 2019 innleide Nynorsk avissenter, Nynorsk mediesenter og NRK Sogn og Fjordane eit samarbeid om å tilby nynorsk-kurs for avisredaksjonar.

I mai heldt Noralv Pedersen (NRK) og Kjell Ove Nordeide kurs for 19 engasjerte journalistar og redaktørar i avisene Vestnytt, Askøyværingen, Strilen og Bygdanytt i lokala til Askøyværingen på Klepppestø.

Lokalavisene rundt Bergen opererer i eit spennande språklandskap. For nynorsken er desse avisene viktige. Dei viser dagleg at nynorsk er eit godt nyheits-språk, og både byfolk og stril blir vant til å sjå nynorsk skrift. Men det set krav til språksikre journalistar som taklar vekslinga mellom bokmål og nynorsk.

På nyåret gjekk turen til Hallingdølen på Ål. Der møtte 11 språkbevisste journalistar og redaktørar fram til kursdagen.

I Hallingdal har tre av seks kommunar nynorsk som offisiell målform - Gol, Hemsedal og Ål. Flå og Nesbyen er bokmålskommunar medan Hol er språkneutrale. I ein region der nynorsken tapar terreng er det viktig at Hallingdølen blir redigert på nynorsk, og det sjølv om vedtektene ikkje seier noko om dette. Språket i Hallingdølen fungerer godt, og det er også godt likt blant lesarane. Det viser granskningar dei har gjort.



ASKØY: Felles språkdag i avisene Askøyværingen, Bygdanytt, Strilen og Vestnytt.



ÅL: Dei satsar på nynorsk sjølv om nokre av dei hadde bokmål som hovudmål på skulen.

Tre søstertiltak

● **NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Ti praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for NRK FleRE og Nynorsk avissenter. Leiar: Magni Øvrebotten.

● **NRK FleRE** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga i Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

● **Stiftinga Nynorsk avissenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Kjell Ove Nordeide.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjarar som søker begge opplæringane, vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge, må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15. oktober.

Førde, 15. januar 2020

Kjell Ove Nordeide, dagleg leiar

Kai Aage Pedersen, styreleiar

Stiftinga Nynorsk avissenter
Post- og fakturaadresse:
Firdavegen 12, 6800 Førde.
Telefon: 911 49 803 (dagleg leiar)
Org. nr.: 914961181



Følg oss på www.nynorskavissenter.no og på sida vår på Facebook og Instagram